



Med halvt om halvt med tjøre og kokt linolje gjev Kristian færingen god behandling.

Som eit ledd i 100-årsjubileumsmarkeringa for Uskedal kyrkje, skal det vere gammaldags kyrkjesøndag 15. juni. Då skal ein prøve å gjenskape ein kyrkjesøndag slik den var for om lag 70 år sidan. Det betyr at kyrkjefolket ikkje kjem køyrande til kyrkjes i bil. Nei, dei kjem gåande, og dei kjem roande.

Frå Musland og ned dalen er det venta at kyrkjefolket kjem gåande. Same framkomstmiddel vert bruka frå Steinsletto/Eik og frå Ljosnes/Rød slik dei gjorde på den tid. Skorpefolket kom roande og gjekk i land på Neset. Derfrå gjekk dei den gamle kyrkjevegen bort til kyrkja.

Kristian Olav Bringedal i jubileumsnemnda seier at han håpar mange vert med på å skapa ein spesiell og stemningsfull kyrkjesøndag denne dagen.

- Sjølv kjem eg til å koma roande, og eg håpar vi vert eit fint følgje som kjem inn til Neset. Han legg til at han trur det er langt fleire færingar i nausta enn det vi er klar over. Derfor oppfordrar han folk til ta robåten fram og klargjere den.

Då eg treffer han, er han i sving med kosten og behandlar færingen han skal bruka, med ei blanding av tjøre og kokt linolje; - slik dei gjorde for 70 år sidan. Eigar av båten er Dag Helland, den vert lagra på Rødtunet og Kristian disponerer den.

- Det er absolutt tid for å få fram trebåten no, og byrja å gjere den klar, seier Kristian og håpar mange følgjer oppfordringa.

Han tilføyer og at det hadde vore kjekt om ein kledde seg i gammal stil denne dagen.

Under gudstenesta vil det og verta brukt gammal litturgi, og salmane vert frå Nynorsk Salmebok frå 1925.

- Uskedal var svært tidleg ute. Dei gjorde vedtak om å innføre denne salmeboka berre nokre få år etterpå, fortel han.

Det er å håpe at folk sluttar godt opp om denne delen av jubileumsmarkeringa. Slike kyrkjesøndagar har vore

svært vellukka andre stader, mellom anna i Åkra.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.